



Arkivsaknr: 2026/648-7
Sakshandsamar: Silje Lunde
Avdeling: Kultur og bibliotek

SAKSFRAMLEGG

Fordeling av kulturmidlar til song og musikklag 2026

Utval

Formannskap

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Tysnes kommune fordeler kulturmidlar til song- og musikklag for 2026 i tråd med tilrådinga frå Tysnes song- og musikkråd slik:

Ordinære kulturmidlar:

Tysnes musikklag	kr. 80 540,-
Tysnes kammerkor	kr. 23 310,-
Onarheim musikklag	kr. 34 610,-
<u>Tysnes skulekorps</u>	<u>kr. 56 740,-</u>
Sum ordinære kulturmidlar	kr. 195 200,-

Tilskot til kjøp av instruktørtenester

Tysnes musikklag	kr. 36 200,-
Tysnes kammerkor	kr. 21 265,-
Onarheim musikklag	kr. 20 485,-
<u>Tysnes skulekorps</u>	<u>kr. 36 850,-</u>
Sum tilskot til instruktørteneste	kr. 114 800,-

Politisk handsaming

Tysnes song- og musikkråd har tilrådd fordeling av kulturmidlar til song- og musikklag.

Saka skal avgjerast i formannskap.

Saka gjeld

Tysnes song- og musikkråd har sendt inn tilråding om fordeling av kulturmidlar til song- og musikklag for 2026. Midlane omfattar både ordinære kulturmidlar og tilskot til kjøp av instruktørtenester. Fordelinga er gjort etter ein vedtatt fordelingsnøkkel i song- og musikkrådet. Kommunedirektøren rår til at midlane vert fordelte i samsvar med tilrådinga.

Saksopplysningar

Tysnes kommune løyver årleg kulturmidlar til lokale song- og musikklag. Føremålet med ordninga er å stø opp om frivillig kulturaktivitet i kommunen og leggja til rette for aktivitet, rekruttering og drift i laga. Tilskotet til kjøp av instruktørtenester skal også støtte laga sin tilgang til profesjonelle tenester og dermed løfta kultur-uttrykket.

For 2026 skal det fordelast to typar tilskot:

- ordinære kulturmidlar
- tilskot til kjøp av instruktørtenester

Tysnes song- og musikkråd har vurdert søknadene og tilrår fordeling av midlane. Fordelinga av ordinære kulturmidlar er gjort med utgangspunkt i investeringar, aktivitet og medlemstal i dei einskilde laga. Dette etter ein vedtatt fordelingsnøkkel i song- og musikkrådet.

Det er sett av totalt kr 195 200 i ordinære kulturmidlar. Desse vert tilrådde fordelte slik:

- Tysnes musikklag: kr 80 540
- Tysnes kammerkor: kr 23 310
- Onarheim musikklag: kr 34 610
- Tysnes skulekorps: kr 56 740

Når det gjeld tilskot til kjøp av instruktørtenester, er det lagt til grunn dokumenterte utgifter som ligg innanfor ordninga. Dette er utgifter knytt til dirigent, musikkleiing eller tilsvarande. Det er sett av totalt kr 114 800 i tilskot til kjøp av instruktørtenester. Desse vert tilrådde fordelt slik:

- Tysnes musikklag: kr 36 200
- Tysnes kammerkor: kr 21 265
- Onarheim musikklag: kr 20 485
- Tysnes skulekorps: kr 36 850

Utrekning av kulturmidlar og tilskot vart utført på fordelingsmøte 31.05.2026.

Vurdering

Song- og musikklaga i Tysnes er viktige bidragsytarar til kulturlivet i kommunen. Laga skaper aktivitet, fellesskap og opplæringstilbod for både born, unge og vaksne, og dei er med på å halda oppe eit levande lokalt kulturliv.

Tysnes song- og musikkråd har fagkunnskap om laga og har vurdert fordelinga på grunnlag av kjende og innarbeidde kriterium, og etter fordelingsnøkkel vedtatt i rådet.

Kommunedirektøren legg til grunn at tilrådinga gir ei rimeleg og føreseieleg fordeling av midlane.

Økonomiske konsekvensar

Vedtaket inneber ei samla fordeling på kr 310 000. Midlane vert dekte innanfor vedtekne budsjettrammer for kulturføremål i 2026.

Vedtaket har ikkje økonomiske konsekvensar utover vedteken budsjettramme.

Miljømessige konsekvensar

Saka har ingen direkte miljømessige konsekvensar. Tilskota støttar lokale aktivitetar og frivillig verksemd, og kan indirekte medverke til levande og berekraftige lokalsamfunn.

Organisasjonsmessige konsekvensar

Saka har ingen vesentlege organisasjonsmessige konsekvensar. Fordeling og oppfølging av tilskota vert gjennomført innanfor ordinær administrativ drift.

Risiko

Risikoen i saka er vurdert som låg. Fordelinga byggjer på dokumentasjon frå laga og ein etablert fordelingsnøkkel i Tysnes song- og musikkråd.

Vurdering av særskilte grupper

Tilskota kjem fleire særskilte grupper til gode, særleg born og unge gjennom korps og annan musikalsk opplæring og aktivitet.

Eit aktivt song- og musikkliv kan ha positiv verdi for deltaking, tilhøyrslø og sosial inkludering i lokalsamfunnet. Kommunedirektøren vurderer difor at ordninga har særleg positiv verknad for born og unge, samstundes som ho også kjem vaksne og eldre til gode.

Kommunedirektøren si tilråding

Tysnes song- og musikkråd har tilrådd fordeling av kulturmidlar til song- og musikklag for 2026. Tilrådinga omfattar ordinære kulturmidlar på kr 195 200 og tilskot til kjøp av instruktørtenester på kr 114 800.

Fordelinga byggjer på dokumentasjon frå laga og fordelingsnøkkel vedteken i Tysnes song- og musikkråd. Dei ordinære kulturmidlane er fordelte etter aktivitet, medlemstal og investeringar, medan tilskot til instruktørtenester er basert på dokumenterte utgifter.

Kommunedirektøren vurderer at tilrådinga gir ei sakleg, føreseieleg og rimeleg fordeling av midlane, og rår til at formannskapet vedtek fordelinga i samsvar med tilrådinga frå Tysnes song- og musikkråd.

Vedlegg

- 1 KULTURMIDLAR 2026.pdf